

**Fra:** kultur@hfk.no

**Sendt:** 11.08.2015 13:14:36

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** arkivnummer 2015/3055. søknad om stønad til den kulturelle spaserstokken

**Vedlegg:**

Sokjarkommune: Samnanger kommune

Kommunenummer: 1242

Postadresse: Tyssevegen 217

Postnummer: 5650

Poststad: Tysse

Kontaktperson: Meline Heimdal Haugland

Telefonnummer: 47465510

Epost: meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no

Total\_søknadssum: 60 000

Tal\_arrangement\_1: 38

Tal\_arrangement\_2: 4

Tal\_arrangement\_3: 2

Samarbeidande\_kommunar\_kommunenummer: Nettverket Kultur for eldre er eit samarbeid mellom kommunane Fusa (1241), Samnanger(1242), Kvam(1238) og Os(1243) for å styrka kulturtildet for eldre på institusjonar. Nettverket har møter 2 gongar i året der me har erfaringsutveksling og går saman om å søka midlar til kulturtildet for målgruppa.

Kor\_mange\_tiltak: Det er planlagt 3 tiltak i løpet av 2016. Dei 3 tiltaka inneber 7 arrangement.

Kva\_type\_arena: Tiltaka som er retta mot eldre over 70 år på institusjon vil gå føre seg på dagsenteret på sjukeheimen i Samnanger. Tiltaka som er retta mot heimebuande vil gå føre seg i ei av kyrkjene våre, eller i ungdoms- og grendahus.

Korleis\_er\_arbeidet\_organisert: Det er kulturtkontoret som er ansvarleg for søknad, økonomi og rapport om bruk av midlar for DKSS i Samnanger kommune. Dei to siste åra har Eldrerådet kome med innspel til søknaden. Kulturtkontoret og eldrerådet skal ha eit tettare samarbeid framover når det gjeldt arrangement for heimebuande eldre. Når det gjeldt arrangementa retta mot eldre på institusjon har kulturtkontoret eit nært samarbeid med "Samnangerheimen" som er sjukeheimen vår. På Samnangerheimen er det aktivitetsleiar for dagsenteret, Anne Karin Røsseland, som er kontaktperson og som tek seg av det praktiske ved arrangement på plassen. Kulturskonsulent Meline H. Haugland bestiller artistar o.l., og organiserer besøka saman med dei. Kulturtkontoret samarbeidar også med kulturskulerektør og musikkpedagog Anne-Lise Nesteby Tøsse. Ho besøker Samnangerheimen kvar måndag og får dei eldre med i song og dans. Aktivitetsleiar for dagsenteret er også med denne stunda.

Ved sidan av Den kulturelle spaserstokken samarbeidar kulturtkontoret med Samnanger pensjonistlag om søknad av midlar for å auka/bevara aktivitetstilboda for eldre i kommunen.

Kva\_prinsipp: Det me ønskjer å oppnå med Den kulturelle spaserstokken i Samnanger kommune er at alle eldre over 70 år skal få oppleva varierte og profesjonelle kulturtildet gjennom året. Hovudmålgruppa er eldre på institusjon ettersom denne gruppa har vanskelegast med å oppsøka kulturtildet sjølv. Tiltaka er difor fordelt mellom heimebuande- og bebuarar på institusjon. Me ønskjer å gje varierte tilbod og introdusera målgruppene for nye kulturuttrykk. Samstundes ser me at særskild eldre på institusjon har stor glede av å ha faste, gjenjennelege kulturinnslag i kvardagen der dei sjølv er med. Song og dans kvar måndag er viktig for bebuarane.

Nyskapande: For 2016 vil me laga program for kvart halvår. Til no har me annonsert dei einskilde arrangementa. Våren 2016 står den nye sjukeheimen vår klar. Med større romplass kan ein invitera inn fleire deltakarar til aktivitetane som skjer her, og i større grad samarbeida med skulane om kulturaktivitetar for både born, unge og eldre. Dette vil gje programmet vårt høve til å retta seg mot ei større hovudmålgruppe. Det bur langt fleire eldre heime, enn på institusjon.

Maalgruppe: Målgruppe 1: Eldre 70+ på institusjon

Målgruppe 2: Eldre heimebuande 70+

Annan\_finansiering:

Prosjekt\_1: Namn på tiltak: "Syng med oss"

Kultursjanger tema\_1: Musikk, song og dans. Kvar måndag besøker musikkpedagog

Anne-Lise Nesteby Tøsse Samnangerheimen og engasjerer bebuarar og dagsenterbrukarar til song og dans. Tilboden er spesielt viktig for demente, som i denne stunda uttrykkjer gjenjenningas glede. Det er viktig at Syng med oss kan eksistere som tilbod.

Prosjekt\_2: Namn på tiltak: Kultur på institusjon

Kultursjanger tema\_2: Konsert, teaterframsyning, føredrag, utstilling

Prosjekt\_3: Namn på tiltak: Kultur for heimebuande

Kultursjanger tema\_3: Konsert, teaterframsyning, føredrag, utstilling

Anna\_merknader: